



Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/2981 - 16/3772

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

10.02.2016

Møtebok for FAU 04.02.16

Desse møtte: Eli - Anne, Eli, Karoline, Terese, Hege TA, Solfrid og Arne

Forfall: Elin

Sak 21 - 2015 / 16: Evaluering av Nyttårsfest

Solfrid fortalte kort om festen i høve plan og gjennomføring. I det alt vesentlege gjekk festen etter plan og utan problem av nemnande grad. FAU spelte inn at arbeidslistene kan reviderast og stilte spørsmål med om kåringane har den rette profilen / vinklingane.

Ein elev har skrive ein rapport som truleg kjem i pressa med det første saman med ein del bilete frå samkoma.

Vedtak: FAU er nøgd med at Nyttårsfesten er ei aldersblanda samkome i eit trygt miljø med god foreldrekontroll og glad for samarbeidet mellom heim og skule

Solfrid forlet no møtet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Sak 22 - 2015 / 16: Temakveld: Mobbing

FAU drøfta saka og kom til at temaet vert onsdag 17.02. kl. 1800 - 2030. Nedanfor er mail frå André og Dziuginta Baraldsnes (A/D) om tentativt program. I tillegg ynskjer FAU fokus på jente-mobbing og utsette grupper, kontroll og drama, mobbinga sin natur og sine uttrykk, samt linken til respekt og oppdragelse / danning / foreldre som føredøme. Arne tek kontakt med A/D om dette.

Takk for fin respons Arne. Det er fint om vi kan samle store og små på kvelden, så skal vi forsøke å lage et opplegg som kan passe alle.

Gjennom kontakten med Elin så langt, har vi forstått at dere ønsker et hovedfokus på digital mobbing og hvordan elever og foreldre og skule kan arbeide sammen i å forebygge slik form for krenkelser.

Her er ett forslag til ei ramme som selvsagt kan endres på.

Elev og foreldrekveld om digital mobbing ved Ostereidet Ungdomsskule

Leia av André Baraldsnes og Dziuginta Baraldsnes

- Velkommen ved rektor og/eller leiar av FAU
- Framvising av kortfilm om digital mobbing.A/D
- Kva er mobbing og kva er digital mobbing Presentasjon A / D
- Refleksjon - tilbakemeldingar og påfyll fra A/D
- Digital kafé. Foreldre og elevar
- Presentasjonar fra kafévertane og oppsummering. Kafé vertane
- Digitale treff mellom ungdom og vaksne. Presentasjon A/D
- Dialog og avslutning. A/D, Leiar FAU

Kom gjerne med innspill i forhold til forslaget eller ting FAU eller skolen synes vi bør være innom i løpet av kvelden.

For å kunne organisere kafeen og gruppene hadde det vært fint å vite antall foreldre og elever som kommer.

Dette kan bli en spennende kveld.

FAU stiller med enkel servering i form av kaffi/te, saft og frukt, innleiing.

Skulen tek seg av info, påmelding, blomar, avslutning og betaling.

Sak 23 - 2015 / 16: Diverse

Skulen ber om at foreldra stiller på foreldremøta (som i 9. kl.). Sjølv om innkalling og tema er prosaiske, er det likevel viktig for samarbeid og samkvem i foreldregruppa og mellom skulen og heimane at oppmøtet er stort.

Vedtak: FAU sluttar seg til denne oppmodinga og vil bidra til at mange kjem til felles foreldremøte.

Sak 24 - 2015 /16: Temakveld 2: Flyktningar

Skulen tek tak i temaet flyktningar i opplæringa. FAU jobbar med å skaffe dei som skal dra i gang temakvelden. Eli - Anne tek Risk assessment på temaet (+/-). 8. kl. stiller med Kick - off mat. Stad musikkrommet. Arbeidsdato: 07.04.16. kl. 1800 - 2000.

Skulen pensar MOT inn på ein MOT- kveld der temaet vert kasta lys på, står for info. Dei som hadde ansvar for å skaffe folk sist, «varmar opp att kjenningane sine» med sikte på å få dei til å stille denne torsdagen i april (Kristin Brattetaule og fleire).

Vedtak: Alle jobbar med sine oppgåver og melder om det lykkast eller ikkje snarast råd.

Sak 25 - 2015 / 16: Andre saker

- Eksamenskick- off vert lagd inn foreldrekvelden i april
- Sommarball er arrangert av elevar og foreldre i 9.kl. (i eit samarbeid med skulen). Tid for dette er juni (etter munnleg eksamen)
- Avslutningsfest for 10.kl. er også eit stort løft for foreldra i 9. kl. og i år er det torsdag 16.06. Det er forventa at foreldra står for cateringen og skulen og elevane i 9.kl. står for tilrigging og innhald elles. Skulen bistår med å skaffe mat osv.

Vedtak: FAU tek orienteringa til etterretning

Ostereidet, 05.02.16

Arne Riisnes, ref.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemer og varamedlemer